

Lov- og avtaleverk vs VIS

Arbeid med typiske saker knytt til VIS



Case-arbeid

Lærer er tilsett i 100%, og har 99,8% i beskjeftigelse. Frå 1.oktober lyt skulen "dekke" opp for ei langtidssjukemelding, og setter lærar inn som vikar i ei KRØ gruppe (årsramme på 635/847) t.o.m. november. I slutten av november får lærar spørsmål om hen kan ta faget ut skuleåret. Grunna stor arbeidsbelastning, og for å unngå for mykje overtid, vert lærar einig med avd.leiar om å redusere omfanget i eit anna fag. Lærar står derfor med 99,1% beskjeftigelse den 1.desember. Denne aktuelle skulen utbetaler fast overtid ved to tidspunkt; desember og juni, og når lærar ser lønnslippen sin for desember løn er det ingen overtidsbetaling der. Hen har heller ikkje fått overtidsbetalt for oktober eller november.

Har denne læraren krav på overtidsbetaling?

Er det innanfor at avd.leiar tek vek timar i andre fag slik som det var gjort her?

Korleis kan vi finne ut kva som er levert av reelt arbeid i oktober og november?

Avd.leiar jobbar med stillingsplanen og ser at hen kjem til å få utfordringar med å ha nok vikarar tilgjengeleg utover skuleåret. Hen vel derfor å la skulen sine planlagde aktivitetar, som Haustfesten, Ryddedagen, Volleyballturnering, Skidagen, Trafikktryggleiksdagen, m.fl., ligge som aktivitet på lærarane, medan det vert ein del av timane til elevane i fag. I tillegg tek avd.leiar vekk timar i alle fag som skal ha M/MP eksamen tilsvarande potensiell eksamensavvikling for dei faga. Plutseleg står mange fleire lærarar med undertid, og kan derfor nyttast til "tilfeldige vikartimar".

Kan avd.leiar gjere dette?

Kva argument kan ein nytte for å syne at dette ikkje kan gjerast?

Korleis kan vi finne ut om timar til elevar er lagt som beskjeftigelse aktivitet eller undervisning?

Case 1:

Overtid

«Overtidsbetaling gis for det antall timer årsrammen for undervisning er økt med»

(SFS 2213 - 5.2)

Lærer har overtidarbeid i okt. og nov., og skal ha overtidbetalt for dette.

Styringsrett

Rektor (personalansv. ved delegert mynde) har i samråd med lærar endra innhald i bruken av planfesta arbeidstid.

(SFS 2213 — 5.2)

Fast overtid bør avgrensast i tid og omfang.

(E-handboka: Overtid for undervisningspersonale)

Alle skal ha ei oversikt over kor mykje ein faktisk har arbeid. Denne oversikta skal også vere tilgjengeleg for tillitsvalde.

(Arb.miljølova §10-7)

VIS har funksjonalitet som syner historisk beskjeftigelse.

(Zendesk — Kurs og opplæring i VIS — 3.10)



Case 2:

Minstetimetall

Opplæring

Det skal leverast på minste timetalet til elevar. For VGS er dette er slått fast i opplæringslova §1-6 (fjerde ledd). I utdjupa tekst (forarbeid til lova) står det m.a. at opplæringa skal vere i samsvar med læreplanen i det aktuelle faget. Rundskriv UDIR-1-2024 presiserer at alle timetal i fag- og timefordelingar er minstetimetall som elevar har rett til å få og som fylkeskommunen må tilby (står fritt til å tilby fleire timar). Det er rom for å omfordele fag mellom trinn, men ikkje å redusere det totale omfanget for heile grupper.

Opplæringslova kap. 17 "Personalet i skolen, skolefaglig kompetanse og kvalitetsutvikling" slår fast at tilsette i lærarstillingar skal ha relevant kompetanse i dei faga dei skal undervise i (§17-4). Opplæringsforskrifta (§12-9) slår fast at ein skal ha minimum 60SP som er relevant for faget, for å undervise i VGO (unntak for m.a. nokre YF-lærarar).

"Prinsipp og rutinar for opplæringsaktivitetar i Vestland fylkeskommune" seier dette om føresetnader for at aktivitetar skal kunne reknast som opplæring i fag:

- Aktiviteten er i samsvar med opplæringslov og forskrift, og må kunne koplatt til læreplan(ar) i fag.
- Aktiviteten inngår i læraren sin årsplan og pedagogisk opplegg, medfører føre- og etterarbeid og gjev moglegheit for undervegsvurdering i faget innanfor eller i etterkant av den aktuelle opplæringsøkta.
- Aktiviteten gjennomførast med elevar i ei definert tidsramme og omfattar klasse/gruppe, eventuelt individuelle timar etter einskildvedtak.



Case 2:

Undertid

SFS 2213 og protokoll til SFS 2213 om arbeidstid og «teknisk undertid»:

- Læraren skal ha ei oversikt med angivelse av planfesta arbeidstid den enkelte dag... Oversikten skal også vise når undervisningstiden er lagt og regelmessige møter... Oversikten bør i utgangspunktet gjelde for et halvår av gangen. Innenfor planfestet arbeidstid legges tid til undervisning slik den framkommer som årsrammer for det enkelte fag.
- "Teknisk undertid" skal ikke brukes som et innsparingstiltak eller for å sikre en vikarpool.
- Andelen av årsverket som er "teknisk undertid" skal være så liten som mulig.
- Arbeidsgiver bør tilstrebe at avvikling av "teknisk undertid" fordeles mest mulig jevnt gjennom året.
- ... arbeidstiden blir så forutsigbar og jevnt fordelt som mulig.



Hugseliste ATV til felleskurs VIS

Oversikt over planfesta arbeidstid

- VIS-funksjonalitet gjer dette mogleg (og er ikkje så vanskeleg...)
- Lettare å gjere avtale om evt. endringar (også på innhald)

Historisk beskjeftigelse

- VIS-funksjonalitet gjer dette mogleg å sjå — men, du som tillitsvald skal også ha muligheit til innsikt
- Lettare å hinder utilsikta endringar i beskjeftigelse i samband med overtidsutbetaling

Vikarlausetimar

- Ingen opplæring: Korleis synleggjere i VIS at elevar ikkje har fått timane sine?
- Jmf: [Utdanningsnytt sak om “lærerløse timer”](#) (21.1.25 — Utanningsnytt.no)

Eksamensperioden

- Det er utvikla rutine i VLFK for korleis eksmansperioden kan planleggast (“Prinsipp og rutinar for opplæringsaktivitetar i Vestland fylkeskommune”)
- Sjølv om det er kome endringar i gjennomføring av eksamen, vil fortsatt denne rutinen vere til hjelp.

